



MØTEPROTOKOLL

Utval: Tenesteval for helse og omsorg
Møtestad: Dalsfjorden, Volda Rådhus
Dato: 16.05.2018
Tid: 13:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Dag Sveinung Aarflot	Medlem	SP
Arne Ullaland	Medlem	AP
Ivar Otto Kristiansen	Medlem	H
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hild Våge	Leiar	AP
Benedikte Holmberg	Nestleiar	V
Erlend Krumsvik	Medlem	KRF

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Ingvild Hansen	Benedikte Holmberg	SP
Inger Tove B. Simonnes	Erlend Krumsvik	KRF

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Svein Berg-Rusten	Helse- og omsorgssjef
Laila Egset	Assisterande kjøkkensjef, Volda omsorgssenter OS 20/18
Ingunn Gjengedal	Assisterande helse- og omsorgssjef OS 21/18
Daiva Paulen	Teamleiar avlastingsbustadar OS 21/18
Mona Helen Kile	Leiar førebygging, rehabilitering og legeteneste OS 22/18
Vydmante Solominiene	Hovudtillitsvalt Norsk sjukepleiarforbund OS 23/18
Arne Gotteberg	Kommuneoverlege for Ørsta og Volda PS 17/18
Elisabeth Brattli Lien	Resepsjonist Volda omsorgssenter OS 27/18



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 15/18	Godkjenning av innkalling og saksliste
OS 20/18	Synfaring på sentralkjøkkenet på Volda omsorgssenter
OS 21/18	Synfaring i avlastingstenesta/barnebustadar
PS 16/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 22/18	Forebygging, rehabilitering og legeteneste v/Mona Kile
OS 23/18	Planlagt og faktisk bemanning, ufrivillig deltid v/ Norsk Sjukepleiarforbund
PS 17/18	Vidare utgreiing om framtidig legevakt- og ambulansesamarbeid. Lokalisering av ambulasestasjon
OS 27/18	Avvik i helse og omsorg 2017
OS 24/18	Nye bustadar på Rotset, bemanning
OS 25/18	Møre og Romsdal 110-Sentral KF - vedrørende økt brukerbetaling for nødmeldetjenesten 110
OS 26/18	Referat frå eigarmøte Barnevernstenetsta

PS 15/18 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming:

Det var seks røysteføre ved møtestart.

Ivar Otto Kristiansen bad om permisjon frå 14:30.

Val av møteleiar:

Ingvild R. Hansen fremmar Dag Aarflot som møteleiar.

Røysting av møteleiar:

Dag Aarflot vart samrøystes valt til møteleiar.

Innkalling:

Det var ingen merknadar til innkallinga.



VOLDA KOMMUNE

Sakliste:

Leiar Dag Aarflot bad om at PS 17/18 blir flytta opp til etter OS 23/18 og OS 27/18 etter PS 17/18.

Røysting:

Innkalling og sakliste med endringar frå Dag Aarflot vart samrøystes godkjent.

OS 20/18 Synfaring på sentralkjøkkenet på Volda omsorgssenter

Handsaming:

Assisterande kjøkkenleiar Laila Egset og helse- og omsorgssjef Svein Berg-Rusten orienterte og viste rundt på sentralkjøkkenet ved Volda omsorgssenter. Sentralkjøkkenet skal gå frå kok-kjøl til kok-server. Dette fører til ei endring i plassbehov og nye rutinar på kjøkkenet.

OS 21/18 Synfaring i avlastingstenesta/barnebustadar

Handsaming:

Teamleiar avlastningsbustadar Daiva Paulen og assisterande helse- og omsorgssjef Ingunn Gjengedal orienterte om drifta av barnebustadane og viste tenesteutvalet for helse og omsorg rundt.

PS 16/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Det var ingen merknadar til møteprotokollen frå førre møte 12.04.18.

Røysting:

Møteprotokollen frå førre møte 12.04.18 vart samrøystes godkjent.

OS 22/18 Forebygging, rehabilitering og legeteneste v/Mona Kile

Handsaming:

Leiar for forebygging, rehabilitering og legeteneste, Mona Helen Kile, orienterte om si avdeling og den nytilsette frisklivs- og folkehelsekoordinatoren Ulrik Vik Nakken.

OS 23/18 Planlagt og faktisk bemanning, ufrivillig deltid v/ Norsk Sjukepleiarforbund

Handsaming:

Hovudtillitsvalt for Norsk sjukepleiarforbund, Vydmane Solominiene orienterte om planlagt bemanning og faktisk bemanning innan helse og omsorg. Ho delte ut dokumentet «Utlyste sjukepleiarstillingar per kommune. Fylkesvis inndeling» der fokuset er ufrivillig deltid.



PS 17/18 Vidare utgreiing om framtidig legevakt- og ambulansesamarbeid. Lokalisering av ambulasestasjon

Administrasjonen si tilråding:

1. *Volda kommunestyre meiner at vidareutgreiing av sak om framtidig lokalisering og struktur på ambulanse-, legevakt- og helsesamarbeid på Søre Sunnmøre er særst viktig. Saka har klare helse- og beredskapskonsekvensar for innbyggjarane, for den totale akuttberedskapen, for kommunane/det kommunale helsetenestetilbodet og for akutttilbodet i Helse Møre og Romsdal HF/Volda sjukehus. I saka må bringast inn konsekvensar av nye tunnellar og vegløyser, under dette at Volda-tunnelen mellom sjukehusområdet og Furene vil reduser utrykningstida mellom Volda og Ørsta betydeleg. Ein må også sjå på effektene av kommunesamanslåing (ar) og mulegheiter for nye nye kommunesamarbeid (Stranda) Det er ei sak vi må ha nødvendig tid på.*
2. *HMR sin konklusjon om å flytte ut ambulansetenesta frå sjukehuset, og at ein ikkje lenger (som no) kan integrere interkommunal legevakt i sjukehuset sitt akuttmttak representere ei stor endring i den gode ordning og samhandlande tenking og praksis vi i kommunane har hatt saman med Volda sjukehus i ca. 15 år. Dette har vore i tråd med tidlegare tilrådingar frå helsemyndighetene og Samhandlingsreforma sine mål.*
3. *HMR bør ha eit meir heilskapleg perspektiv på utvikling av helsetenestene i krysningspunktet mellom primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta og ikkje la eit lenge kjent og isolert pålegg frå Arbeidstilsynet til ambulansestasjonslokalet føre til kortsiktig grep som hindrar ei fullgod beredsskapsordning. Det er nettopp dette som vil skje ved å trekke ambulansetenesta ut av ei integrert ordning i akuttmttaket og samstundes med ein månads frist for kommunane til å gi innspel på plassering av ambulansestasjonen ein heilt annan stad og med ønske om framtidig samlokalisering med interkommunal legevakt der. Med dei krav som kommunane har til forsavarleg sakshandsaming er dette ikkje mogleg.*
4. *Volda kommunestyre tilrår difor å ta dette i to steg (a og b):*
 - a. **Først** forholde seg til avvik og pålegg frå Arbeidstilsynet.
 - I. *Vurdere å søkje ny dispensasjon. Det kan visast til denne saka og HMR sin utbyggingsplan for Volda sjukehus - heunder mulegheit å samarbeide med kommunene med tanke på snarleg realisering. Viss dette ikkje er ein farbar veg kan*
 - II. *HMR aleine eller i samarbeid med Volda kommune inngå midlertidig leigeavtale for ambulansestasjon i lokaler nært sjukehuset. Det er kjente lokaler (mellom anna i internatdelen av tidlegare Hjelppepleieskule) som kan vere aktuelle.*
 - b. **Deretter** ta nødvendig tid å utgreie den totale saka i punkt 1 vidare.
 - I. *Konsekvens-utgreie det som er nødvendig. Under dette rapporten «Beredskapsanalyse ambulansetjenesten i Midt-Norge» og konsekvensar av denne for framtidig legevaktlokalisering. Anna å utgreie er konsekvensar for drift av akuttmttaket ved Volda sjukehus når*



VOLDA KOMMUNE

samhandlinga med kommunane om interkommunal nattlegevakt og legevaktsentral for Nødnett Helse/nasjonalt legevaktnummer 116 117 med 5 sjukepleieårsverk og kommunal legeressurs skal trekkast ut.

II. Ta politisk prinsippavgjerd når det gjeld modell for framtidig lokalisering og struktur på ambulanse- og legevaktstasjonar og på den totale helseberedskapen på Søre Sunnmøre.

- 5. Volda kommunestyre ber om at ein opprettheld ein integrert og/eller nærlokalisert ambulansesestasjon ved Volda sjukehus inntil punkt 4 b er avgjort.**
6. *Volda kommunestyre gjer framlegg om å sett ned ei felles tverrfagleg/administrativ arbeidsgruppe/prosjektgruppe mellom Helse Møre og Romsdal HF/Volda sjukehus, «Sjustjerna helse og omsorg» og med særleg representasjon frå dei kommunane som forslaget om flytting av ambulansesestasjon har konsekvensar for.*
 - Gruppa skal mellom anna*
 - a. arbeide med dei spørsmålsstillingane på kort og på lang sikt, som ligg i saka.*
 - b. ha eit mandat og ein tidsfrist*
 - c. levere forslag/innstilling til kommunane ved rådmennene via «Sjustjerna Helse og Omsorg» og til Helse Møre og Romsdal HF ved direktøren.*

Involvering/innspel frå ulike faggrupper og dei mest relevante verksemder både innanfor HMR/Volda sjukehus og kommunane og høyring frå brukarane er obligatorisk del av arbeidet.
7. *Volda kommunestyre ser særst positivt på utbyggingsplanane for Volda sjukehus, og at det i allereie i 2019 er planlagt prosjektering. Dette er avgjerande viktig for utvikling av sjukehuset, og kommunestyret vil samtidig peike på at HMR har ei omrømingstid med mellombels plassering av ambulansesestasjon fram til det er gjort vedtak om byggstart for ny sjukehusfløy. Da bør ein etter nærare utgreiing mellom partane kunne ha på plass ei felles løysing for legevakt (kveld/helg/natt) og ambulansesestasjon nær Volda sjukehus.*

Handsaming:

Kommuneoverlege Arne Gotteberg orienterte og svarte på spørsmål.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Tenesteutval for helse og omsorg - 16.05.2018:

- 1. Volda kommunestyre meiner at vidareutgreiing av sak om framtidig lokalisering og struktur på ambulanse-, legevakt- og helsesamarbeid på Søre Sunnmøre er særst viktig. Saka har klare helse- og beredskapskonsekvensar for innbyggjarane, for den totale akuttberedskapen, for kommunane/det kommunale helsetenestetilbodet og for akuttilbodet i Helse Møre og Romsdal HF/Volda sjukehus. I saka må bringast inn konsekvensar av nye tunnellar og vegløyningar, under dette at Volda-tunnelen mellom sjukehusområdet og Furene vil redusere utrykningstida mellom Volda og Ørsta betydeleg. Ein må også sjå på effektene av kommunesamanslåing (ar) og**



VOLDA KOMMUNE

mulegheiter for nye nye kommunesamarbeid (Stranda) Det er ei sak vi må ha nødvendig tid på.

- 2. HMR sin konklusjon om å flytte ut ambulansetenesta frå sjukehuset, og at ein ikkje lenger (som no) kan integrere interkommunal legevakt i sjukehuset sitt akuttmottak representere ei stor endring i den gode ordning og samhandlande tenking og praksis vi i kommunane har hatt saman med Volda sjukehus i ca. 15 år. Dette har vore i tråd med tidlegare tilrådingar frå helsemyndigheitene og Samhandlingsreforma sine mål.*
- 3. HMR bør ha eit meir heilskapleg perspektiv på utvikling av helsetenestene i krysningspunktet mellom primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta og ikkje la eit lenge kjent og isolert pålegg frå Arbeidstilsynet til ambulansestasjonslokalet føre til kortsiktig grep som hindrar ei fullgod beredskapsordning. Det er nettopp dette som vil skje ved å trekke ambulansetenesta ut av ei integrert ordning i akuttmottaket og samstundes med ein månads frist for kommunane til å gi innspel på plassering av ambulansestasjonen ein heilt annan stad og med ønske om framtidig samlokalisering med interkommunal legevakt der. Med dei krav som kommunane har til forsavarleg sakshandsaming er dette ikkje mogleg.*
- 4. Volda kommunestyre tilrår difor å ta dette i to steg (a og b):*
 - a. Først forholde seg til avvik og pålegg frå Arbeidstilsynet.*
 - i. Vurdere å søkje ny dispensasjon. Det kan visast til denne saka og HMR sin utbyggingsplan for Volda sjukehus - heunder mulegheit å samarbeide med kommunene med tanke på snarleg realisering. Viss dette ikkje er ein farbar veg kan*
 - ii. HMR aleine eller i samarbeid med Volda kommune inngå midlertidig leigeavtale for ambulansestasjon i lokaler nært sjukehuset. Det er kjente lokaler (mellom anna i internatdelen av tidlegare Hjelppeleieskule) som kan vere aktuelle.*
 - b. Deretter ta nødvendig tid å utgreie den totale saka i punkt 1 vidare.*
 - i. Konsekvens-utgreie det som er nødvendig. Under dette rapporten «Beredskapsanalyse ambulansetjenesten i Midt-Norge» og konsekvensar av denne for framtidig legevaktlokalisering. Anna å utgreie er konsekvensar for drift av akuttmottaket ved Volda sjukehus når samhandlinga med kommunane om interkommunal nattlegevakt og legevaktsentral for Nødnett Helse/nasjonalt legevaktnummer 116 117 med 5 sjukepleieårsverk og kommunal legeressurs skal trekkast ut.*
 - ii. Ta politisk prinsippavgjerd når det gjeld modell for framtidig lokalisering og struktur på ambulanse- og legevaktstasjonar og på den totale helseberedskapen på Søre Sunnmøre.*
- 5. Volda kommunestyre ber om at ein opprettheld ein integrert og/eller nærlokalisert ambulansesestasjon ved Volda sjukehus inntil punkt 4 b er avgjort.*



VOLDA KOMMUNE

6. *Volda kommunestyre gjer framlegg om å sett ned ei felles tverrfagleg/administrativ arbeidsgruppe/prosjektgruppe mellom Helse Møre og Romsdal HF/Volda sjukehus, «Sjustjerna helse og omsorg» og med særleg representasjon frå dei kommunane som forslaget om flytting av ambulansestasjon har konsekvensar for.*

Gruppa skal mellom anna

- a. arbeide med dei spørsmålsstillingane på kort og på lang sikt, som ligg i saka.*
- b. ha eit mandat og ein tidsfrist*
- c. levere forslag/innstilling til kommunane ved rådmennene via «Sjustjerna Helse og Omsorg» og til Helse Møre og Romsdal HF ved direktøren.*

Involvering/innspel frå ulike faggrupper og dei mest relevante verksemder både innanfor HMR/Volda sjukehus og kommunane og høyring frå brukarane er obligatorisk del av arbeidet.

7. *Volda kommunestyre ser særst positivt på utbyggingsplanane for Volda sjukehus, og at det i allereie i 2019 er planlagt prosjektering. Dette er avgjerande viktig for utvikling av sjukehuset, og kommunestyret vil samtidig peike på at HMR har ei omrømingstid med mellombels plassering av ambulansestasjon fram til det er gjort vedtak om byggestart for ny sjukehusfløy. Da bør ein etter nærare utgreiing mellom partane kunne ha på plass ei felles løysing for legevakt (kveld/helg/natt) og ambulansestasjon nær Volda sjukehus.*

OS 27/18 Avvik i helse og omsorg 2017

Handsaming:

I følge Offl. §13 jamfør forv. §13.1 og koml. §31, 2 ledd vart møtet lukka kl 15:40 under handsaming av saka.

Elisabeth Brattli Lien og helse- og omsorgssjef Svein Berg-Rusten orienterte om avvik innan helse og omsorg for 2017.

Møtet vart opna kl 15:50.

OS 24/18 Nye bustadar på Rotset, bemanning

Handsaming:

Helse- og omsorgssjef Svein Berg-Rusten orienterte som folkemøtet som hadde vært på Rotset, 26.04.18. i følge med at det ikkje er nattevakter på dei nye bustadane for personar med rus- og psykiske utfordringar på øvre Rotset

OS 25/18 Møre og Romsdal 110-Sentral KF - vedrørende økt brukarbetaling for nødmeldetjenesten 110

Handsaming:

Helse- og omsorgssjef Svein Berg-Rusten orienterte.



VOLDA KOMMUNE

OS 26/18 Referat frå eigarmøte Barnevernstenetsta

Handsaming:

Tenesteutvalet for helse og omsorg tek «Referat frå eigarmøte barnevernstenesta» til vitande.

Møtet slutt kl 16:20

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
18.05.18

Sunniva Utnes
Konsulent